

# Årsplan for SFO

## 2023/24



## Høydalsmo skule

Tryggleik   Aktivitet      Respekt      Utvikling   Kunnskap

## **INNHOLD**


|  |             |
|--|-------------|
| <b>Fokusområde</b>                         | <b>s. 3</b> |
| <b>Personalet på SFO</b>                   | <b>s. 4</b> |
| <b>Opplæringslova</b>                      | <b>s. 5</b> |
| <b>Generell informasjon og opplysingar</b> | <b>s. 6</b> |
| <b>Dagsrytme</b>                           | <b>s. 8</b> |
| <b>Slik ynskjer vi å ha det</b>            | <b>s.9</b>  |

### **Innhald i vår SFO:**

|  |             |
|--|-------------|
| <b>Leik og sosial læring</b>                   | <b>s.10</b> |
| <b>Kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv</b> | <b>s.12</b> |
| <b>Mat og helse</b>                            | <b>s.14</b> |
| <b>Tryggleik og omsorg</b>                     | <b>s.15</b> |
| <b>Språkstimulering i SFO</b>                  | <b>s.16</b> |
| <b>Årshjul for SFO året 23/24</b>              | <b>s.17</b> |

# FOKUSOMRÅDE

## HØYDALSMO SKULE



## **Personalet på Høydalsmo SFO:**

- **Rektor for Høydalsmo skule:** Dordi Iren Fosse Didriksen.
- **Leiar:** Martha Irene Kleivstaul
- **Barne og ungdomsarbeiderar/ assistenter**

-Lene Kathrine Erikstad

-Laila Tjønn

-Mads Seim-Naustdal

- **Miljøarbeider:** Sigrid Lindheim.
- **Vi har språkpraksis i perioder.**

Telefonnummer og mail:

SFO: 97477924

[martha.irene.kleivstaul@tokke.kommune.no](mailto:martha.irene.kleivstaul@tokke.kommune.no)

## **Opplæringsloven:**

### **§ 13-7. Skolefritidsordninga**

*«Kommunen skal ha et tilbud om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1-4 klasse, og for barn med særskilte behov på 1. – 7. klasse. Skolefritidsordningen skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordningen skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemmede barn skal ges gode utviklingsvilkår. Arealene både ute og inne, skal være egnet til formålet.»*

## **Høydalsmo skules SFO sin definisjon og formål med SFO:**

SFO er eit omsorg- og fritidstilbod innlagt som ein del av heildagsskulen for barn i 1. – 7. klasse i grunnskulen. Innhold og verksemd skal pregast av barns behov for leik, kulturaktivitetar og sosial læring .

## PRAKTISKE OPPLYSNINGAR:

Ha med klede og sko som passar til ver og årstid-ha alltid skiftliggende på SFO-viktig å ha namnpå kleda.

### Barnegruppa :

Ved skulestart er det 16 barn som nyttar seg av Høydalsmo SFO.

### Foreldresamarbeid

Vi legg vekt på eit godt foreldresamarbeid med dagleg kontakt ved henting og levering.

- Send melding eller ring på SFO telefonen: **97477924**

-Dersom barnet skal gå heim på eiga hand eller bli henta av andre barn må SFO få beskjed!

Nokre av barna går heim på eiga hand, det er greitt når vi har laga avtaler med foreldra om dette.

Vi sender ingen barn heim før vanleg tid utan beskjed frå foreldre!

I tillegg til dagleg kontakt har vi foreldremøte på hausten.

Vi ynskjer eit godt foreldresamarbeid med foreldra. Det er viktig at de tar kontakt dersom det er noko treng å ta opp rundt barnet dykkar😊

### Bursdagsfeiring

Vi feirer bursdagsbarnet med å synge sang, lage bursdagskrone og barnet får lov til å velge mat frå bursdagsmenyen til SFO 😊

## **Opningstider:**

Feriar og fridager. SFO er et fritidstilbod for elever frå 1- 4 trinn. Vi har ope før og etter skuletid kvar dag. SFO har og eit fritidstilbod i skulenens ferie med unntak av juli månad, romjola og påskeveka samt 5 planleggingsdager i løpet av skoleåret. Det vil bli sendt ut brev som ranselpost der vi etterspør behovet dykk har på skulenens fridagar. Vi har eit samarbeid med barnehagen under skulenens feriar.

## **Kjernetid**

Vi ynskjer å ha ei kjernetid på SFO i feriar og på torsdagar. Den vil vere frå 9.00-14.00

## **Feriar og fridagar der vi ynsker tilbakemelding frå dykk foreldre om behov:**

2023/24:

**Høstferie:** 10.-14. oktober (måndag til fredag) SFO ope frå 07.00-16.30

**Siste dagen før joleferien:** fredag 23. desember. SFO ope frå 07.00-16.30

**NB!** Fyrste dagen etter jol: 3. januar (skulestart januar)

**Vinterferie:** 19.-23. februar.

**Påskeferie:** 28. mars-2. april.

## **Planleggingsdagar SFO held stengt:**

\*15. og 16. august

\*3. november

\*2.januar

## Dagsrytmen på SFO:

07.00- SFO opnar

07.00-08.30- Frukost og frileik ( ute og inne)

### **Skuletid**

14.25: Måltid

14.50 -16.00 : Frileik og temabasert aktivitet.

16.30 SFO stenger.

## Torsdagar på SFO:

Då er det full SFO dag. Vi tek imot foreldre og barn. Dei som treng å ete frukost har med niste til dette.

Det blir leik og frie-,evt. styrte aktivitetar denne dagen. Det vil av og til bli tur og vi vil jobbe med ulike tema gjennom året.

Det er leksehjelp på måndagar.

( Frå 3.klasse og oppover)



## Slik ynskjer vi at barna skal vere her hos oss:

- Rydde etter seg når dei har ete.
- Rydde etter seg når de har leika på eit rom og ellers.
- Snakke fint til kvarandre.
- Bruke innestemme.
- Hjelpe kvarandre når dei treng hjelp.
- Inkludere andre i leiken sin.
- Sei ifra til en vaksen når noko er galt.
- Le gjerne samen med nokon, ikke AV nokon!
- Stopp regelen!

KARDEMOMME-  
LOVEN:  
Man skal ikke  
plage andre,  
man skal være  
grei og snill,  
og for øvrig  
kan mangjøre  
hva man vil.



# Innhald i vår SFO

- Leik og sosial læring
- Kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Omsorg og trygghet
- Mat og helse
- Språkstimulering i SFO

Kva legg vi i desse områda?

## Leik og sosial læring

«Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.» ( Rammeplanen for SFO)

Leiken er frivillig og indremotivert aktivitet som barnet sjølv vel å delta i. Leiken er lystbetont og barn ser på leiken som ein belønning i seg sjølv.

Leik kan vere eit pedagogisk verkemiddel for å fremje barns utvikling. Leiken stimulerar til sosial læring saman med andre. Barn leikar fordi det er moro å leike.

Barn brukar leiken som ein uttrykksform, det er ein grunnleggjande livs og læringsform som barn uttrykkjer seg gjennom. Leiken er ei

heilt sentral side av barns sosiale utvikling og det er ein viktig del av barnekulturen.

Leiken saman med vener og «friheten» til å velgje sjølv står høgt i kurs. Me ynskjer å ha «elevsamtaler» med barna, der me m.a. spør korleis dei har det og kva dei helst vil gjera på SFO. Me ynskjer å gje plass og mogelegheit for at barna kan leike når dei er inne på SFO, og at dei kan utfolde seg fysisk gjennom leik og aktivitetar når dei er ute.

Me meiner det er viktig at- SFO ikkje er skule, men barnas fritid. Samtidig ynskjer me at barna skal utvikle emne til samarbeid og å vise omtanke og ta ansvar for kvarandre. Sosiale ferdighetar kjem ikkje av seg sjølv, dei er ikkje medfødt, men må pleiast og utviklast heile vegen.

Døme på ulike aktivitetar og innhald som kan vere med å bidra til eit godt leikemiljø:

| Aktivitet             | Innhald  | Tilrettelegging  |
|-----------------------|--|--|
| Rollelek              | Barnas motivasjon for leik gje fellesskap, utforsking og læring  | Skaffe rekvisittar, tilrettelegging av det fysiske miljøet.  |
| Den frie leiken       | - her og nå lek  |  |
| Konstruksjonsleik     | Barna får erfaring med berekning av rom, retning, geometriske former og strategi.<br>Barna kan prøve å finne ut korleis ting vert laga | Legge til rette med ulike konstruksjons-materiell og egra rom.<br>Få tak i ulike ting som me kan skru på |
| Spel/ regelleik       | Barna får erfaring med at felles reglar og gjensidighet krev samarbeid. Øve sosial kompetanse som sjølvhevding og sjølvkontroll.       | Tilgang til variera og komplette brettspel.<br>Tilsette som spelar saman med barna.                      |
| Den organisera leiken | - opne grupper<br>- alle som vil kan delta<br>- vaksenstyrt leik   | Tilgang på personale, barna og materiell   |

## Kultur, fysisk aktivitet og friluftsliv

**Natur og miljø:** Vi vil gje barna naturopplevingar i naturen rundt oss, ved at vi går tur i nærmiljøet og gjer oss kjent. Vi reiser på tur og et ettermiddagsmaten vår i lag. I feriar kan vi reise på lengre turar der vi er borte i kjernetida. Barna skal bli glade i naturen og det å vere ute i frisk luft. Vi vaksne skal vere med på å gjere turen spennande og litt utfordrande for det enkelte barn. Naturen er og ein fin stad der vi kan samle saman naturmateriale til kreative prosesser. Vi vil dyrke enkle vekster i ein liten grønnsakshage. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

**Fysisk aktivitet og leik:** Barna skal få utfalte seg fysisk i løpet av dagen. Vi brukar det fine uteområdet til skulen og gymsalen. Dei skal få velje aktivitetar som dei synast er morosame og utfordrande. Det vil vere mykje tid til frileik samt eit utval av organiserte aktivitetar. Barn er oppfinnsame og finn lett på leikar sjølv, men når dei ikkje gjer det er det vår oppgåve å legge til rette for leik og gje barna tips og idear og gjerne vere med på leiken til den kjem i gang.



**Kreativitet, forming og kultur:** Vi bidrar med å ha nok materiale tilgjengeleg til ei kvar tid slik at barna får utfalte seg kreativt. Vi har frivillige formingsaktiviteter gjennom heile året.



## Mat og helse

Måltidet fremmar barnas matglede, trivsel og helse. Det skal vere ei hyggeleg ramme rundt måltidet der vaksne og barn sit i lag. Borna tek med niste til frukost. Ettermiddagsmåltidet blir laga på sfo. Det varierer frå brødmat, havregryn, varm mat og måltid ute. På torsdagar og i feriar bakar vi og kan lage eit større varmt måltid i lag. Vi lagar og ulik type mat på bål når vi er på tur eller nede ved gapahuken vår.



## Tryggleik og omsorg

Alle barna i SFO skal oppleve respekt, tillit og likeverd. Barna skal oppleve tydelege vaksne som leiar og hjelper barna gjennom dagen.

- Gje barna omsorg.
- Gje barna ein trygg plass å vere.
- Fremme vennskap.
- Sørge for trivsel gjennom dagen.



## Språkstimulering i SFO

Vi på SFO skal legge til rette for interesse for språk. Vi har ein eigen lesekrok som stimulere til lesing. Det er og nødvendig for leseferdighetane at rommet inneheld bokstaver og ord, slik at barna kan sjå og lese dette. Vi brukar romma til 1.-4. klasse mykje !

Det munnlege språket og gode samtalar er viktig, både barn-barn, og vaksen- barn.



# Årshjul for Høydalsmo skule 2023/24

| Månad                | Tema  | Informasjon   |
|----------------------|---|---|
| August/<br>september | <p>Oppstart av nytt skuleår.</p> <p>Vi blir kjent med kvarandre!</p> <p>Turar og leik i nærområdet til skulen.</p> <p>Vi startar på prosjektet vårt «Haust» og førebuingar til kjøkkenhage.</p> | <p>Foreldremøte.</p> <p>Påmeldingsfrist til sfo i haustferien: 30.sep.</p>  |
| Oktober              | <p>«Haust» og «Hjelpe andre»</p> <p>Turar og leik i nærområdet.</p>    | <p>Vi vil ha ekstra fokus på det å hjelpe andre i denne perioden.</p> <p>Sfo vil ha ein egen stand på haustkafeen i år.</p> <p>Vi er med å samlar inn pengar til Unicef.</p> <p>Tur til alderspensjonatet.</p> <p><b>Haustferie veke<br/>41</b></p> |

|                     |  |  |
|---------------------|--|--|
| November            | <p>«Gjenbruk»<br/>         Turar og leik i nærområdet.<br/>         Vi førebur kino.<br/>         Ulike aktivitetar inne og ute.</p>  | <p>Kva kan vi lage av gjennbruk?</p>  <p>Kino med pizza og popcorn.<br/>         Tysdag 14.nov<br/>         Kl. 14.30-16.30.</p> <p>Planleggingsdag fredag 3. november.</p> |
| Desember            | <p>Advent og joleførebuingar.<br/>         Baking og tradisjonsmat.</p>   | <p>Påmeldingsfrist til sfo i joleferien:<br/>         13.des.</p> <p>Joleavslutning.<br/> <b>Joleferie.</b></p>  |
| Januar/februar/mars | <p>«Vinter»<br/>         Leik i snø. Skøyter, ski og snøforming!<br/>         Vi bruker bassenget.</p>   | <p>Planleggingsdag tysdag 2.januar.</p> <p>Påmeldingsfrist til sfo i vinterferie 7. februar.</p>   |

|  |   |   |
|--|---|---|
|  |  | Vinterferie veke<br>8.  |
| April og mai<br><br>  | Påskeførebuingar<br>og våraktivitar.<br>17.mai                                    | Påmeldingsfrist til<br>sfo i påskeferien<br>7.mars.<br><b>Påskeferie.</b> |
| <p>*Område som stranda, skiløypa, Oftejordet, bassenget og nærområdet blir brukt heile året i dei ulike årstidene.</p> <p>*Sjå eigen plan for sommarsfo! Denne blir delt ut i juni 😊</p> |   |   |

\*Alle foreldre får ein praktisk, liten informasjonsfolder kvar haust der den viktigaste informasjonen for året står!

